



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 201002874
Arkivnr. 022
Sakshandsamar Monstad, Torill

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Fylkesutvalet	27.01.11	8/11

HØYRING - EVALUERING AV INNOVASJON NORGE

Fylkesutvalet 27.01.11

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

1. Regionalt fastsette føringar og omsyn må kunne gå framfor standardiserte nasjonale føringar når dette er grunngeve i regionalt fastsett politikk for næringsutvikling.
2. For å sikre at regionale omsyn og føresetnader får større gjennomslag, er det ønskeleg at ein større del av midlane til Innovasjon Norge vert kanalisert gjennom fylkeskommunane.
3. Ein større del av Innovasjon Norge sine verkemiddel må òg kunne nyttast utanom det distriktpolitiske verkemiddelområdet.
4. Dei bedriftsretta BU-midlane bør framleis forvaltast av Innovasjon Norge, og ikkje av eit sentralt statleg organ.
5. Det er ikkje ønskeleg at det vert innført eit høgare krav til innovasjonsgrad for bruk av alle verkemiddel i Innovasjon Norge.
6. Hordaland fylkeskommune sluttar seg elles i stor grad til hovudkonklusjonane i evalueringsrapporten.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 31. januar 2011

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND
Mildrid Bertelsen

Arkivsak 201002874-4
Arkivnr. 022
Saksh. Monstad, Torill

Saksgang	Møtedato
Fylkesutvalet	27.01.2011

HØYRING - EVALUERING AV INNOVASJON NORGE

SAMANDRAG

Nærings- og handelsdepartementet har gjennomført ei ekstern evaluering av Innovasjon Norge, sidan det no er seks år sidan selskapet vart etablert. Innovasjon Norge er frå og med 2010 eigd med 51 % av staten og 49 % av fylkeskommunane. Dette var ein del av forvaltningsreforma.

Hovudkonklusjonen i evalueringa er at Innovasjon Norge har riktig struktur og god organisering, innovasjonsgraden må verte endå høgare, og selskapet må verte ein tydelegare rådgjevar for eigarar og oppdragsgjevarar.

Fylkesrådmannen seier seg i hovudsak einig i mange av anbefalingane til evaluator.

Blant anna er det behov for betre og meir koordinert rammestyring frå eigarane. Det må òg vurderast kva mål selskapet skal ha, knytt til krav til innovasjonsgrad i dei prosjekta Innovasjon Norge støttar. Fylkesrådmannen tilrår eit auka fokus på regionale føresetnader, der dette er ei gjennomgåande føring for selskapet heller enn eit delmål. I tillegg må verkemidla til Innovasjon Norge vurderast. Dette betyr blant anna at samansetninga av verkemiddel i større grad må tilpassast regionale behov og kunne nyttast utanom det distriktpolitiske verkemiddelområdet.

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Regionalt fastsette føringar og omsyn må kunne gå framfor standardiserte nasjonale føringar når dette er grunngjeve i regionalt fastsett politikk for næringsutvikling.
2. For å sikre at regionale omsyn og føresetnader får større gjennomslag, er det ønskjeleg at ein større del av midlane til Innovasjon Norge vert kanalisert gjennom fylkeskommunane.
3. Ein større del av Innovasjon Norge sine verkemiddel må òg kunne nyttast utanom det distriktpolitiske verkemiddelområdet.


4. Dei bedriftsretta BU-midlane bør framleis forvaltast av Innovasjon Norge, og ikkje av eit sentralt statleg organ.

5. Det er ikkje ønskeleg at det blir innført eit høgare krav til innovasjonsgrad for bruk av alle verkemiddel i Innovasjon Norge.

6. Hordaland fylkeskommune sluttar seg elles i stor grad til hovudkonklusjonane i evalueringsrapporten.



Paul M. Nilsen



Jan Per Styve

Vedlegg:

Brev, datert 15.09.2010, frå Nærings- og handelsdepartementet "Evalueringa av Innovasjon Norge (IN) – Høyring"

Samandrag av rapporten "Evaluering av Innovasjon Norge"

Bakgrunn

Nærings- og handelsdepartementet (NHD) har gjennomført ei ekstern evaluering av Innovasjon Norge. Heile rapporten kan lesast på departementet sine nettsider.

Innovasjon Norge vart etablert i 2004 ved ei samanslåing av Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND), Norges Eksportråd, Noregs turistråd og Statens veilederkontor for oppfinnere.

Innovasjon Norge er organisert som eit særlovsselskap og er frå og med 2010 eigd med 51 % av staten og 49 % av fylkeskommunane fordelt med like store delar på kvar. Dette var ein del av forvaltningsreforma. Det vil seie at Hordaland fylkeskommune no er medeigar av Innovasjon Norge.

Hovudmålet til Innovasjon Norge er å fremje bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønnsam næringsutvikling i heile landet og utløse ulike distrikt og regionar sine næringsmessige muligheiter gjennom å bidra til innovasjon, internasjonalisering og profilering.

Innovasjon Norge har fire delmål:

1. Å bidra til auka innovasjon i næringslivet i heile landet.
2. Å bidra til auka internasjonalisering i næringslivet i heile landet.
3. Å styrke profileringa av Noreg og norsk næringsliv internasjonalt.
4. Å bidra til næringsutvikling basert på regionale føresetnader.

Innovasjon Norge forvaltar oppdrag frå fleire ulike departement; Nærings- og handelsdepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet, Landbruks- og matdepartementet, Fiskeri- og kystdepartementet og Utanriksdepartementet, i tillegg til samtlige fylkeskommunar og fylkesmenn. Innovasjon Norge sine hovudaktivitetar kan delast inn i fem aktivitetar; finansiering, nettverk, kompetanse, rådgjeving og profilering.

Sidan samanslåinga i 2004 er det ikkje gjort noko heilskapleg evaluering av selskapet før no. Arbeidet med evalueringa vart sett i gong hausten 2009. Det er anbefalingar og funn i denne evalueringa som fylkeskommunen no vert bedt om å ta stilling til.

Vurdering

Hovudfunn i evalueringa

Formålet med evalueringa var å få ei vurdering av om selskapet på ein god og effektiv måte oppnår sine mål. Evalueringsoppdraget var tredelt; korleis Innovasjon Norge oppfyller sine mål, kva er effektane av samanslåinga av dei fire organisasjonane i ein, og basert på desse funna – kva er dei framtidige utfordringane for vidare utvikling av organisasjonen.

Oppdraget med evalueringa gjekk til eit samarbeidande evalueringsteam samansatt av selskapet Econ Pöry, Agenda og Damvad, der førstnemnde har vore prosjektleiar.

Evalueringa viser at Innovasjon Norge med stor sannsynlighet bidreg til auka verdiskaping i Norge. Selskapet formidlar finansielle verkemiddel på ein profesjonell og fagleg solid måte. Selskapet har òg utviklingsoppgåver knytt til verkemiddel- og politikktutforming. Effekten av ressursbruk på dette området er vanskeleg å måle, men evaluator meiner at selskapet i for liten grad har utvikla seg som ein kunnskapsorganisasjon og premissgjevar for den norske næringspolitikken. Evaluator meiner at samanhengen mellom selskapet sine mål og verkemiddel er uklar, og at det er behov for tydeleggjere ein slik samheng. Innovasjon Norge sin målstruktur må forbeistrast og at styringa av selskapet må i større grad baserast på rammestyling. Ein større del av midla bør gå til prosjekt med innovasjon av nasjonal eller internasjonal karakter som mål. Ein større del av midla må vere tilgjengeleg for verksemdar i sentrale strøk.

Rapporten viser at selskapet har bidrege til innovasjon i norsk næringsliv, men at innovasjonsbidraget kan aukast ytterlegare ved at ressursane i større grad går til prosjekt som er nasjonalt og internasjonalt nyskapande. Det er auka fokus på internasjonalisering i heile organisasjonen, men rapporten anbefalar ei evaluering om utekontora si rolle. Dette arbeidet er iverksatt.

Reiseliv er eit område som har hatt store faglege synergjar, og profilering av norsk næringsliv er styrka sidan 2004. Men det vert brukt mykje midlar på profileringsarbeid, og Innovasjon Norge forvaltar kun 40 % av desse midla. Det er behov for å vurdere den samla profileringsinnsatsen på dette feltet.

Midlar til næringsutvikling basert på regionale føresetnader har gradvis auka. Evaluator meiner at innovasjonshøgda i desse prosjekta er for låg til å bidra til reell regional verdiskaping. Spesielt gjeld dette BU-midla, som utgjer ein stor del av den faktiske verkemiddelbruken under dette delmålet, og som evaluator meiner bidreg til låg måloppnåing. Evaluator meiner difor at BU-midla bør forvaltast utanfor Innovasjon Norge, og flyttast enten til Statens Landbruksforvaltning eller til Fylkesmannen si landbruksavdeling.

Rapporten trekkjer fram at organisasjonen forvaltar ei rekkje verkemiddel, med tilhøyrande detaljerte retningslinjer, finansiert av ulike departement. Antal verkemiddel er unødvendig høgt. Selskapet må i større grad gis ansvaret for kontinuerleg å vurdere samansetninga av selskapet si verkemiddelportefølje. Rapporten peiker òg på at dei mange sektorprogramma hindrar selskapet si måloppnåing.

Det har ikkje vorte avdekka behov for å endre måten Innovasjon Norge er organisert på i dag.

Hovudkonklusjonen er at Innovasjon Norge har riktig struktur og god organisering, innovasjonsgraden må verte endå høgare, og selskapet må verte ein tydelegare rådgjevar for eigarar og oppdragsgjevarar.

Departementet ber om innspel til desse funna og konklusjonane, til dømes til spørsmålet om å gjere delmålet om næringsutvikling basert på regionale føresetnader til ei gjennomgåande føring i staden for eit delmål.

Hordaland fylkeskommune sine tilbakemeldingar:

Fylkesrådmannen vil aller først påpeike at det er eit svært godt og nært samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune og Innovasjon Norge Hordaland. Dette gjeld i enkeltsaker, i prosjektarbeid, og på overordna nivå. Organisasjonen sit på stor kompetanse som Hordaland har svært god nytte av, og det er ynskjeleg at organisasjonen fokuserer på å behalde og vidareutvikle sin kompetanse.

Rammestyling frå eigarane

Fylkesrådmannen er einig med evaluator om behovet for meir og betre rammestyling. Innovasjon Norge har høg kompetanse og bør, i samarbeid med sitt styre, kunne i større grad velje ut kva virkemiddel og program ein ynskjer å satse på ut frå regionale behov og føresetningar. Det er eit behov for eit samla bestillingsbrev frå eigaren staten til Innovasjon Norge, det vil seie at staten betre koordinerar sine forventingar til Innovasjon Norge.

Fylkesrådmannen meiner det er på sin plass å vurdere som følge av denne evalueringa kva som skal vere måla for Innovasjon Norge. Skal Innovasjon Norge vere eit selskap som har som hovudfokus å støtte prosjekt som er nasjonalt og internasjonalt nyskapande, uansett om desse prosjekta oppstår i distriktet eller i meir sentrale stork? Eller skal Innovasjon Norge vere eit meir distriktspolitisk verktøy med fokus på å utløyse ulike distrikt og regionar sine næringsmessige muligheiter, med mindre krav til innovasjonshøgde i nasjonal og internasjonal samanheng?

Når fylkeskommunen gjev midlar til Innovasjon Norge, så er det midlar som kjem frå Kommunal- og regionaldepartementet. Ein har då fokus på distrikts- og regionalpolitikken sine mål om å leggje til rette for likeverdige levevilkår i heile landet, gje folk reel fridom til å velje kvar dei bur, gje ei balansert utvikling mellom by og land, auka verdiskaping, og styrke lokal og regional vekstkraft. Dette fører til sterke distriktspolitiske bindingar knytt til midla, i staden for fokus på rein innovasjon og økonomisk vekst.

Næringslivet i distrikta kan ha nokon strukturelle ulemper, til dømes avstand til marknad og større del av næringar med lågare innovasjonsgrad, til dømes primærnæringar. Difor må ein akseptere ein noko lågare innovasjonsgrad i nasjonal og internasjonal samanheng i prosjekta.

Fylkesrådmannen seier seg likevel einig i evaluators vurdering om at ein større del av midla må vere tilgjengeleg for verksemdar utanom det distriktpolitiske verkeområdet. Dette gjeld til dømes 15 kommunar i Hordaland. Det må til ein auke i midla som kan delast ut uavhengig av soneinndelinga for dei distriktpolitiske verkemidla. Dette gjeld i hovudsak midlar til nyetablering og investeringar. Det vil seie at gode bedriftsretta prosjekt som kjem frå regionar som ikkje er sone 3-4 framleis kan få støtte. For Hordaland sin del betyr dagens modell at prosjekt i marine næringar, ikkje vil få støtte fordi dei ligg i feil kommune. I Hordaland er marine næringar ei prioritert næring i den regionale næringspolitikken. Føresetnaden for å få støtte må i mindre grad vere geografisk, og i større grad føresetnader for å lukkast. Det må lagast rom for eit større fokus på gode prosjekt med vekstpotensiale som er innovative og lønsame i nasjonal og internasjonal samanheng, samt er i tråd med regionale føresetnader og fortrinn.

Regionale føresetnader ei gjennomgåande føring

Fylkesrådmannen forstår det slik at eit av formåla med den fylkeskommunale eigarskapen er at dei regionale føresetnadane må vere meir styrande for prioriteringane til Innovasjon Norge. Dette betyr at næringsutvikling basert på regionale føresetnader må vere ei gjennomgåande føring i staden for eit delmål. Det er store regionale skilnader i Noreg, og dette må det takast omsyn til i næringsutviklingsarbeidet.

Regionalt utviklingsprogram (RUP) er, i denne samanheng, eit godt styringsverktøy for regional næringsutvikling. Dette er eit felles handlingsprogram for regional utvikling i Hordaland. Det er utvikla av Regionalt Næringsforum, eit breitt samansett utval av aktørar innan næringsutvikling og nyskaping i Hordaland, samt vedtatt av fylkesutvalet kvart år.

Det må vidare vurderast om større del av midla til Innovasjon Norge skal kanalisert via fylkeskommunen. Dette betyr vidare at meir av aktiviteten til Innovasjon Noreg skal skje ute på distriktskontora, der kundane faktisk finst.

Verkemidla må evaluerast

Hordaland fylkeskommune er einig med evaluators i at verkemidla til Innovasjon Norge må vurderast, antal sektorprogram, samansetning av verkemiddel, og då at regionale behov knytt til næringsutvikling må vere styrande for verkemidla.

Til dømes meiner fylkesrådmannen at verkemidla knytt til finansiering – lån med låg risiko er ei oppgåve for kommersielle bankar. Lågrisikolån er kommersielle lån som vert gjeven på vanleg marknadsmessige føresetnader. Innovasjon Noreg bør i større grad fokusere på risikolån, der lånetakar sitt prosjekt ikkje vil verte realisert utan desse midla.

Det er vidare eit behov for å rydde i oppgåvene mellom fylkeskommunen og Innovasjon Norge. Slik det er i dag støtter fylkeskommunen og Innovasjon Norge dei same tiltaka. Fylkesrådmannen meiner at Innovasjon Norge må i større grad konsentrere sine midlar knytt til bedriftsretta tiltak, så skal fylkeskommunen støtte tiltak som har med tilrettelegging for næringsutvikling. Dette bør vere ei naturleg følge av at fylkeskommunen har fått auka si rolle som regional utviklingsaktør. Slik det er no får søkjar støtte frå begge plassar for tiltak som til dømes regionale konferansar, kompetanseheving, nettverksbygging osv. Dette medfører meirarbeid for begge organisasjonane og for søkerane, noko som lett kunne vore redusert.

Fylkesrådmannen meiner likevel at Innovasjon Norge, med sin store kompetanse, må vere ein tydeleg aktør og samarbeidspartnar i regional utvikling. I tillegg til at Innovasjon Norge må naturlegvis arbeide med ulike tiltak for å sikre at dei verksemdene og etablerarane dei faktisk støttar får vekstmuligheiter.

Fylkesrådmannen ser utfordringar knytt til forvaltning av BU-midlar. Dei BU-midla som Innovasjon Norge forvaltar går til bedriftsretta tiltak, men kan ha andre element i seg knytt til meir distriktpolitiske aspekt. Fylkeskommunen har gjennom forvaltningsreforma fått styrka si rolle som regional utviklingsaktør, og har overtatt enkelte oppgåver knytt til landbruk. Fylkesmannen si landbruksavdeling har behalde sine BU-midlar, som er utviklingsmidlar utanom bedriftsretta tiltak. Fylkesrådmannen vurderer det slik at ein kan evaluere kvar BU-midla bør høyre heime. Fylkesrådmannen meiner det er viktig at desse midla vert forvalta av eit regionalt nivå. Fylkeskommunen som eit regionalt folkevald organ med ansvar for regional utvikling, kan vere eit alternativ. Fylkesrådmannen meiner Statens Landbruksforvaltning vil vere dårleg eigna til dette føremålet. Det er òg eit vesentleg poeng at ein ikkje må spreie forvaltning av midlar knytt til landbruk på endå fleire verkemiddelaktørar enn det allereie er. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at BU-midla Innovasjon Norge forvaltar i hovudsak er noko anna enn bedriftsretta næringsutvikling, sjølv om innovasjonsgraden kan vere lågare enn i andre prosjekt. Difor bør midla framleis verte forvalta av Innovasjon Norge.

Heile rapporten kan lesast på Nærings- og handelsdepartementet sine nettsider.

http://www.regjeringen.no/nb/dep/nhd/dok/rapporter_planer/rapporter/Rapporter-2010/Evaluering-av-Innovasjon-Norge.html?id=612414